



GRATIS
**SOMMAR
-SKOLE**

VEKE 30   TEATER

VEKE 31    IDRETT

KUN 3.-6. TRINN!

NYTT! GRATIS SOMMARSKOLE FOR 3.-6. TRINN , VEKE 30 OG 31	
Velkomen til sommarveker med læringsglede, opplevingar og mykje moro. Målet for Sommarskolen er at alle elevane lærer noko nytt, får faglege utfordringar på sitt nivå og får gode opplevingar i eit trygt og inkluderande læringsmiljø. Elevane møter kvarandre på tvers av skolar og alder.	
Vi legg stor vekt på det sosiale miljøet i gruppene og vi jobbar for at elevane skal trivast.	
Veke 30	3.-6. trinn - TEATER med Madeleine Dolby, Suzanne Rochette, Viljar Arman Dahl
	Vi skal bli godt kjende med kvarandre på tvers av trinna gjennom teaterleik og skodespel. På ei veke lagar vi våre eigne fortellingar og gjer dei om til ei morosam og fysisk teaterførestilling. Du vil også få moglegheit til å lære å sjonglere, samt lage dine eigne sjongleringsballar. Denne veka blir det mykje gøy. Er du klar? I slutten av veka inviterer vi foreldra til førestilling.
Veke 31	3.-6. trinn - IDRETT med Madeleine Dolby, Suzanne Rochette, Viljar Arman Dahl
	Bli med på ei veke full av aktivitetar, mini-olympiade og masse anna gøy! I slutten av veka blir det medaljeutdeling for alle. Liker du sirkus? Du skal få moglegheit til lage dine eigne poi og lære deg poi-triks, samt sjonglering og akrobatikk. Er du klar?

NOKRE LEDIGE PLASSAR	
Veke 27	5. – 7. trinn med Thea Fleten, Silje Helland og Natalia Zurawska
	Naturopplevingar i Hemsedal Bli med på sykling og andre spennande og lærerike turar i bygda. Opplev morosame aktivitetar saman med andre, og kom tilbake med meir kunnskap om naturen rundt deg. Vi lærer gjennom leik, song, spel og aktivitetar. Til slutt kan vi sjå om vi kan lese om alt dette i sommaravisa. 😊

	PÅMELDING Send påmelding til sommarskole2021@hemsedal.kommune.no Frist 4. juni Vi tildeler plassar og gir beskjed innan 6. juni Påmelding etter fristen: Vi fyller opp ledige plassar 😊 Hugs å skrive namn og klassetrinn på eleven samt namn og telefonnummer til foreldre.
	KVA FOR EIT TRINN KAN DU MELDE ELEVEN PÅ? Du melder eleven på det trinnet han eller ho går på, våren 2021. Eksempel: Går eleven på 3. trinn denne våren, er det kursa for 3.–6. trinn som gjeld. Du kan berre melde på ei veke. Skriv gjerne alternativ veke om du er interessert.
	KVEN FÅR PLASS? Dersom eleven ikkje får kursplass, blir eleven sett på venteliste. Er det fleire søkjarar enn plassar på eit kurs, trekkjer vi lodd om kven som får plass. Dersom eleven likevel ikkje ynskjer kursplassen, må du melde av eleven så fort som mogleg, slik at andre kan få plass. Oppmøte kvar dag kl. 8:30-16:00.
	Dei som får plass, vil få eit detaljert opplegg i løpet av veke 26
	Arrangør: Oppvekst, Hemsedal